

# Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Viktor Ellingbø	FE-210	20/914

Saknr	Utval	Type	Dato
092/2020	Formannskapet	PS	12.10.2020
067/2020	Kommunestyret	PS	22.10.2020

## Økonomisk rapportering - 2.tertal 2020

### Vedlegg:

Journalposttittel	Dato
Bevillingsoversikt drift	07.10.2020
Bevillingsoversikt investering	07.10.2020
Økonomisk oversikt drift	07.10.2020
Investeringsprosjekt 2020	07.10.2020

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

**2.tertialrapport 2020 vert teken til vitring.**

**Driftsbudsjett 2020 vert endra i samsvar med vedlagte bevillingsoversikt drift.**

**Investeringsbudsjett 2020 vert endra i samsvar med vedlagte bevillingsoversikt investering.**

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Rådmannen skal ut frå kommunelova sitt krav om budsjettstyring leggja fram, minst 2 gonger i året, rapport for kommunestyret som syner utviklinga i inntekter og utgifter. Etter kommunelova sitt krav om årsbudsjettet sin bindande verknad, skal endringar av vesentleg karakter i inntekter og utgifter som årsbudsjettet byggjar på meldast til kommunestyret. Kommunestyret skal gjera naudsynte endringar i budsjettet for å oppretthalde lova sine krav om realisme og balanse.

#### Fakta

Opphavelig budsjett 2020, fastsett i KS 077/2019, har til nå hatt følgjande justeringar:

- Salderingssak KS 015/2020
- Auke i vidareutlån (startlån) KS 029/2020

- 1.tertialsak KS 054/2020

På bakgrunn av rekneskapstal per august 2020 er det gjort ei vurdering av korleis ein kjem i hamn i høve til budsjett 2020 ved årsslutt. Det følgjer vedlagt til saka bevillingsoversikt for drift og investering som viser endringane i budsjett 2020. Status for dei ulike rammeområda er nærare kommentert under.

#### **DRIFTSINNTEKTER**

Masfjorden kommune får utbetalt frå Havbruksfondet i år 6,275 mill. Posten andre generelle driftsinntekter er tilrådd justert opp tilsvarende.

#### **FOLKEVALGTE ORGAN**

Rammeområdet omfattar politisk styring, kontroll og revisjon. Opphøveleg budsjett på 2,5 mill., har til nå hatt følgjande justeringar på netto + 0,22 mill.:

- Auke i godtgjersle til varaordførar på kr 130.000
- Forventa innsparing etter revidert kommuneopplegg 2020 på kr 10.000

Rekneskapstal per august tilseier balanse for rammeområdet ved årsslutt.

#### **ADMINISTRASJON**

Rammeområdet omfattar administrativ leiding og støtte- og fellesfunksjonar. Opphøveleg budsjett på 14,4 mill., har til nå hatt følgjande justeringar på netto + 0,2 mill.:

- Utgifter til alminneleg taksering av eigedommar på kr 315.000
- Forventa innsparing etter revidert kommuneopplegg 2020 på kr 115.000

Rekneskapstal per august tilseier balanse for rammeområdet ved årsslutt.

#### **BARNEHAGE**

Rammeområdet omfattar drift av kommunen sine 3 barnehagar, samt felles fordelte utgifter. Opphøveleg budsjett på 17,0 mill., har til nå hatt følgjande justeringar på netto + 0,05 mill.:

- Kompensasjon for inntektsbortfall på kr 220.000
- Forventa innsparing etter revidert kommuneopplegg 2020 på kr 175.000

Rekneskapstal per august tilseier balanse for rammeområdet ved årsslutt.

#### **SKULE**

Rammeområdet omfattar PPT, MOT, vaksenopplæring og drift av kommunen sine 3 skular, samt

felles fordelte utgifter. Opphavelig budsjett på 45,6 mill., har til nå hatt følgjande justeringar på netto – 0,29 mill.:

- Kompensasjon for inntektsbortfall på kr 100.000
- Forventa innsparing etter revidert kommuneopplegg 2020 på kr 390.000

Rekneskapstal per august tilseier balanse for rammeområdet ved årsslutt.

## **HELSE**

Rammeområdet omfattar kommunen sin helse- og legeteneste. Opphavelig budsjett på 12,8 mill., har til nå hatt følgjande justeringar på netto + 0,5 mill.:

- Kompensasjon for inntektsbortfall på kr 500.000
- Kompensasjon for høgare utgifter legevaktordninga på kr 140.000
- Forventa innsparing etter revidert kommuneopplegg 2020 på kr 140.000

Rekneskapstal per august tilseier balanse for rammeområdet ved årsslutt.

## **SOSIAL OG BARNEVERN**

Rammeområdet omfattar NAV kontor, sosialhjelp og barnevernstenesta. Opphavelig budsjett på 4,5 mill., har til nå hatt følgjande justeringar på netto 0,5 mill.:

- Høgare utgifter til sosialstønad på kr 500.000

Rekneskapstal per august tilseier balanse for rammeområdet ved årsslutt.

## **PLEIE OG OMSORG**

Rammeområdet omfattar tilskot til Frivilligsentral, støttekontakt, institusjonsdrift, heimetenesta og kommunale omsorgsbustader. Opphavelig budsjett på 49,7 mill., har til nå hatt følgjande justeringar på netto – 0,34 mill.:

- Fellesutgifter Fensfjordbygg på kr 150.000
- Forventa innsparing etter revidert kommuneopplegg 2020 på kr 485.000

Rekneskapstal per august tilseier balanse for rammeområdet ved årsslutt.

## **KULTUR**

Rammeområdet omfattar idrettsskule, kultur, bibliotek, kulturskule og tilskot til lag og organisasjonar. Opphavelig budsjett på 6,5 mill., har til nå hatt følgjande justeringar på netto 0,0 mill.:

- Kompensasjon for inntektsbortfall på kr 45.000

- Forventa innsparing etter revidert kommuneopplegg 2020 på kr 45.000

Rekneskapstal per august tilseier balanse for rammeområdet ved årsslutt.

#### **KYRKJA**

Rammeområdet omfattar driftstilskot til Masfjorden sokn og tilskot til andre trus- og livssynssamfunn. Opphavelig budsjett på 3,5 mill., har ikkje hatt justeringar i år.

Rekneskapstal per august tilseier balanse for rammeområdet ved årsslutt.

#### **TEKNISK**

Rammeområdet omfattar felles reinhald av kommunale bygg, eigedomsforvaltning, landbruks- og naturforvaltning, vedlikehald av kommunal eigedom, brannberedskap og sjølvkosttenestar. Opphavelig budsjett på 9,9 mill., har til nå hatt følgjande justeringar på netto 0,25 mill.:

- Kompensasjon for inntektsbortfall på kr 400.000
- Forventa innsparing etter revidert kommuneopplegg 2020 på kr 150.000

Reguleringsarbeid på Matre og Hosteland pågår og forventast å komme på 1,5 mill. i år. Denne posten ligg ikkje inn i budsjettet.

Rammeområdet er tilrådd justert opp med 1,5 mill.

#### **ANDRE TENESTEOMRÅDER**

Rammeområdet omfattar utgifter til administrasjonslokalar, felles pensjonskostnader, diverse fellesutgifter, utgifter til introduksjonsprogrammet, sal av konsesjonskraft, tilrettelegging for næringslivet. Opphavelig budsjett på – 11,2 mill., har til nå hatt følgjande justeringar på netto 5,0 mill.:

- Redusert inntekt frå sal av konsesjonskraft på kr 5.000.000

Per i dag viser sal av konsesjonskraft ein netto utgift på 0,5 mill. Justert årsbudsjett per i dag viser ein netto inntekt på 1,0 mill. Perioden framfor er ein periode med låge prisar og høge uttak. For å tilpasse budsjettet med forventningane i marknaden er konsesjonskraftområdet tilrådd justert ned med 2,0 mill. til ein netto utgift på 1,0 mill. ved årsslutt.

Rammeområdet er tilrådd justert ned med 2,0 mill.

#### **INVESTERINGSBUDSJETT**

Investeringar i varige driftsmidlar er i denne saka tilrådd justert opp med 1,34 mill.:

- Kjøp av tomt 39 (Gnr 18/bnr 99) Duesundøy på kr 900.000, vedteken i KS 056/2020

- Ombygging lagerlokalet på Duesund på kr 437.500 (kr 350.000 før mva), vedteken i KS 057/2020

Desse vert finansiert ved bruk av frie fond (overføring frå driftsbudsjettet) på kr 1.050.000 og bruk av lån på kr 287.500.

Prosjekt Utbetring tak – Sandnes kafé er budsjettert med mva kompensasjon på 0,2 mill. Prosjektet er utanfor kompensasjonsordninga og ein retting i bevillingsoversikten er vist som:

- Redusert kompensasjon for meirverdiavgift på kr 200.000
- Høgare bruk av lån på kr 200.000

### **AVSETJINGAR**

Driftsinntektene er i denne saka tilrådd justert opp med 6,3 mill. Dei tilrådde endringar på rammenivå inneber ein auka fordeling til drift på 3,5 mill. Differansen på 2,8 mill. er tilrådd avsett til disposisjonsfond. Samstundes er bruk av fond tilrådd i denne saka auka med 1,1 mill., slik at netto avsetning til fond er på 1,7 mill.

### **Vurdering**

Det heftar generelt noko usikkerheit kring prognosane, og i samsvar med budsjettforskriftene tilrår rådmann at budsjett 2020 vert endra i samsvar med vedlagte bevillingsskjema.

Med dei tilrådde budsjettjusteringer i drift blir netto driftsresultat på 1,5 % av budsjettert brutto driftsinntekt i 2020, under det anbefalte nivå på 1,75 %.

### **Formannskapet - 092/2020**

#### **FS - behandling:**

Økonomi- og personalleiar Svein Viktor Ellingbø møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Saka vart drøfta.

Merknad frå rådmannen:

Investeringar i varige driftsmidlar er i denne saka tilrådd justert opp med 1,34 mill, kor kjøp av tomt 39 (Gnr 18/bnr 99) Duesundøy på kr 900.000, vedteken i KS 056/2020 er i saka lagt inn som investering. Sidan det er erstatningssak av tomt eigd av kommunen – og tidlegare aktivert, må dette forholdet sjekkast nærare ut, og avklarast i samband med kommunestyremøte 22.10.2020.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

**FS - vedtak:**

**2.tertialrapport 2020 vert teken til vitring.**

**Driftsbudsjett 2020 vert endra i samsvar med vedlagte bevillingsoversikt drift.**

**Investeringsbudsjett 2020 vert endra i samsvar med vedlagte bevillingsoversikt investering.**

**Kommunestyret - 067/2020**

**KS - behandling:**

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

**KS - vedtak:**

**2.tertialrapport 2020 vert teken til vitring.**

**Driftsbudsjett 2020 vert endra i samsvar med vedlagte bevillingsoversikt drift.**

**Investeringsbudsjett 2020 vert endra i samsvar med vedlagte bevillingsoversikt investering.**